Holmenkollstafetten:

Fri-«sjokk» i eliteklassen

Fri overraska både seg sjølv og alle andre ved å stå for ein kjempeprestasjon i herrane sin eliteklasse under Holmenkollstafetten på sundag. Heilt uventa sprang laget inn til ein 5. plass på den sterke tida 48.15.

Dagens mann på Fri-laget var utan tvil startmannen Harald Dyngen, som på første etappen inne på Bislett gjennomførte eit taktisk bra løp. På første runden løp Dyngen nest sist, men så byrja han å forsera og plukka lag for lag. Inn til veksling kunne han overlata pinnen til Geir Nordbø som nr. 4 — eitt sekund bak teten, vel og merka føre storlag som BUL og Tjalve. Med denne gode utgangsposisjonen blei løparane på laget tent til å springa over evne, sidan laget låg heilt framme i teten og kjempa. Geir Nordbø takla den harde Norabakken glimrande, og han slapp berre BUL og Skjalg forbi seg og veksla med Vidar Rolland som nr. 6. Vidar utførte eit bra løp på denne 620 m lange 3. etappen og han fliste Gular på veg inn til veksling, der Torgeir Markhus overtok pinnen og la i veg på den krevande berg- og dalbaneetappen. Torgeir hadde då kontakt med teten, som på dette tidspunktet i stafetten bestod av Minerva, BUL, Tjalve, Skjalg og FRI. Jamvel om Gulars landslagsløpar Lars Johan F'jelde seig forbi presterte Torgeir ein glimrande etappe, etter å ha hatt litt motgang tidlegare denne sesongen. Dermed kunne Jan Frode Seim motta pinnen som nr. 7. Jan Frode jobba godt i dei knallharde motbakkane frå Vindern til Slemdal, og han kniva med Skjalg og Heimdal, og leverte pinnen til Brigt Strømmen som nr. 6. På den berømte klatreetappen opp til Besserud fekk Brigt æra av å liggja i ryggen på Helge Knutsen, Skjalg, og Brigt gjorde eit kjempeløp då han greidde å halda Skjalg.

Geir Nordbø var å sjå på fjernsynsskjermen, då han låg heilt i teten på andre etappen.

På toppen av Besserud fekk Roald Solberg pinnen som 7. mann og han rulla ganske fort på den 1.800 m lange utforetappen. Roald for forbi Stord og det var ein litt sjokkert Rune Rolland som køyrde av garde på 8. etappen i fin fighter-posisjon overfor Skjalg. Rune fortel til Bygdanytt at han hadde aldri trudd at dei kom så tidleg. På den lengste av stafettens 15 etappar stod Tor Vevle klar til å ta fatt på 2.800 lange meter, der Bjarte Sleire, Skjalg fekk kjenna pusten til denne superveteranen heile vegen. Einaste unntaket var Johan Brekke, Stord som makta og springa ifrå Tor Vevle. Då Ronny Legreid mottok pinnen låg altså Fri på 7. plass, og Ronny tok kraftig innpå Stord og Skjalg. Likevel var det lite Kjell Kandal-Hansen kunne gjera på den 370 m korte 11. etappen. Derimot blei det Helge Kåstad som fekk gleda av verkeleg å avansera i feltet. Først sprang han forbi Stord og deretter heilt opp i ryggen og forbi Skjalg, slik at Ove Leon Låstad kunne stikka ut på 13. etappe med Skjalg like i helane. Ove Leon kapra eit par meter og han gav pinnen vidare til Terje Olav Fjeldheim som på sjarmøretappen opparbeidde seg eit forsprang på 30 m til Skjalg, og han kunne såleis senda ankermann Trond Reigstad av garde med trygg forvissing om at 5. plassen var sikra. Trond blei møtt med eit skikkeleg jubelbrus då han kom gjennom maratonporten og inn på Bislett stadion. Ja, speaker oppfatta ikkje ordentleg kva som eigentleg skjedde, då Fri, — eller som radioens Program 2 uttrykte det, eit ukjent lag i blått, heilt overraska kjem inn på stadion som lag nr. 5. Berre slegen av BUL, Minerva, Tjalve og Gular, men føre resten av Noregs beste friidrettsklubbar, som Skjalg, Heimdal, Ready og Lillehammer, Tyrving, Sturla, Fana osb. Fri var i realiteten berre 32 sekund bak storebror Gular, eit resultat som få år tilbake ville vore utenkeleg.



Torgeir Markhus sprang godt på den krevande berg- og dalbaneetappen.

Friidrettsformann, Leif Herland seier til Bygdanytt at det var von om å koma inn mellom dei 10 beste, og såleis opplevde han 5. plassen nesten som eit sjokk. Han meiner at den gode opninga inspirerte gutane til å yta sitt beste. Elles er han godt nøgd med laginnsatsen og presiserer at dette resultatet gjev både aktive og leiarar inspirasjon til å satsa ekstra mykje. I det høvet kan vi nemna at elitelaget er bygd opp omkring dei gutane som vann juniorklassen i Holmenkollstafetten tre år på rad, frå 77 til 79.

Elles hadde Fri fleire lag i aksjon. Juniorlaget stod også for ein god prestasjon, ved å bli nr. 7 med tida 53.51. Laginnsatsen var her upåklageleg, og den gode opninga forplanta seg vidare ut i løypa, slik at «fighting-spiriten» vart teken godt vare på. Spesielt framheva dei seg, som for første gong sprang dei viktige nøkkeletappane, og heilt urøynd gjennomførte gode løp. Det kan også nemnast at alle på laget held junioralder til neste år, med unntak av to. Vidare vart damelaget nr. 50 med tida 67.12, noko som er halvtanna minutt betre enn den tidlegare «persen». Jamnt over sprang alle jentene brukbart, sjølv om det blei ein liten klikk i ein av vekslingane.

I veteranklassen oppnådde Osterøy ein flott 18. plass med tida 55.01. Dette er berre 17 sekund frå beste tida frå i fjor, noko som må seiast å vera svært bra, då ein av dei beste løparane ikkje kunne delta, grunna konfirmasjon. Old boys-laget til Fri hamna på 59. plass i same klassen, der heile 111 veteranlag stilte på startstreken.

I menn senior klasse 2, presterte Osterøy å verta nr. 86 av totalt 304 deltakande lag. Tida deira blei fine 53.33, som er 25 sekund bak fjorårsresultatet. Fri hadde også eit lag i denne klassen, men det plasserte seg litt lengre bak i køen.

LEON